

KYRKJEBLADET

FOR LEVELD, TORPO OG ÅL



BLIR DIAKON I HEIMBYGDA / NY MISJONSAVTALE / VÅRENS KONFIRMANTAR
OM DÅP OG HÅP / TA IMOT BØSSEBÆRARANE / TÅRNAGENT I ÅL KYRKJE

NR. 1 | 2026 | 67. ÅRGANG



*Som den gyldne sol frembryter gjennom den kullsorte sky og sin stråleglans utskyter, så at mørk og mulm må fly,
så min Jesus av sin grav og det dype dødens hav oppstod ærefull av døde imot påskemorgenrøde.*

TEKST: THOMAS KINGO 1689

Sola har stått opp – og Jesus lever!

Hver påske blir jeg igjen slått av den underlige slutten på påskeevangeliet hos Markus. Kvinnene kom til en tom grav og møtte engler som sa: «Vær ikke forferdet! Dere leter etter Jesus fra Nasaret, den korsfestede. Han er stått opp, han er ikke her. Se, der er stedet hvor de la ham.»

På tross av disse trøsterike ordene står det til slutt at de flyktet bort fra graven. De sa ikke et ord til noen, for de var redde.

Tvilen og mørket var så knugende, og sorgen så ugjennomtrengelig. Det var først da de møtte ham ansikt til ansikt at det løsnet.

Det er som når det regntunge, trykkende skydekket plutselig sprekker

– Det håpet de forkynte var en kraft som etter hvert rokket imperiet. Det nådde verdensdel etter verdensdel.

opp, takket være et vindkast som først åpner en rift, nok til at sola flommer inn. Sola feier himmelen ren, og så ser du alt opplyst, som nyskapt. Forfatteren C.S. Lewis sa: «Jeg tror på kristendommen slik jeg tror at sola har stått opp: ikke bare fordi jeg ser det, men fordi ved den ser jeg alt annet.»

ANDAKT



Av Biskop
Jan Otto Myrseth

Det er så lett å venne seg til tvilen og vantrøen, slutte fred med det tunge skydekket, og akseptere at døden får det siste ordet. Men også denne påsken bryter lyset fram og engelens budskap slippes løs på oss: Han er oppstanden, han er ikke her!

Det er lite sannsynlig at all tvil og alt mørke momentant feies bort straks budskapet lyder. Men disiplene fortsatte å møtes likevel. Det var ikke som å skru på en bryter og så flommet lyset inn. Nei, de kom med sin tvil og sin sorg. Og gjennom stengte dører kom den oppstandne til dem. Det håpet de forkynte var en kraft som etter hvert rokket imperiet. Det nådde verdensdel etter verdensdel.

Gleden og håpet som gryn fra den tomme graven og møtet med den oppstandne har overlevd gjennom skiftende kår i to tusen år. Millioner har opplevd det samme som C.S. Lewis, at troen kaster et lys over hele tilværelsen og gir et perspektiv som hjelper meg å holde ut midt i det meningsløse.

Jeg ønsker deg en glederik påske!

Jan Otto Myrseth
Biskop



Blir diakon i heimbygda

Børge Bekkestad (55) er tilsett som ny diakon i Ål kyrkje frå 1. mai.

– Tidspunktet var veldig rett. Eg er utdanna diakon, og no opplevde eg at tidspunktet var rett for å bruke utdanninga og arbeidserfaringa til eit arbeid i kyrkja, seier Børge. Han har jobba med vegleing, undervisning og familiearbeid i ei årrekke.

– Mange kjenner meg nok frå tida på familievernkantoret. Men som engasjert i det frivillige som skjer på Ål har nok mange også møtt på meg i det tverrkyrkjelege barne- og ungdomsarbeidet, som fotballtrenar, i alpinbakken, og i politikk.

Sterk tilknytning

Børge har vakse opp i kyrkja i Ål og har vorte forma gjennom foreldres sterke tilknytning til kyrkja. Det inkluderte søndagsskule, bedehus og gudsteneste på søndag formiddag. Som 19-åring vart bibelsmugling til Kina eit vendepunkt

KYRKJEBLAD FOR LEVELD, TORPO OG ÅL SOKN

REDAKSJON

Elin Etterlid Tveito
Inger Elise Kaslegard
Kristoffer Krohn Sævre

BANKGIRO 2320.20.70272
VIPPS 627063

PRODUKSJON kreator.no

STABEN VED ÅL KYRKJEKONTOR

Opningstid kontor tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. kontor 907 13 766 | post.aal@kyrkja.no | www.aal.kyrkja.no |

KYRKJEVERJE

Kristoffer Krohn Sævre
Ks259@kyrkja.no • tlf 484 41 575

PROST

Camilla Osnes (permisjon)
co689@kyrkja.no • 977 15 677

SETTEPROST

Kristoffer Lønning Tørressen
kt846@kirken.no

SOKNEPREST

Marianne Bergsjø Gammelsæter
MG822@kyrkja.no • 958 06 920

SEKRETÆR

Elin Etterlid Tveito
et429@kyrkja.no

Guro Stave

gs595@kyrkja.no

KYRKJETENAR

Håkon Tveito
ht337@kyrkja.no

Tom Vidar Myrestølen
tvmyres@hotmail.com

Morten Storhaug
mortenstorhaug@gmail.com

ORGANIST/MUSIKAR

Vemund Olav Aukrust
va358@kyrkja.no

Ingunn Stræte
ingunn.straete@gmail.com

Håkon Tveito
ht337@kyrkja.no

DIAKON

Børge Bekkestad (frå 1. mai)

KYRKJELYDSPEDAGOG

Gina Ingeborg Hagen
gh665@kyrkja.no

REINHALDAR

Kamila Socha
kamilkaa79@gmail.com

SOKNERÅDSLEIAR

Froydis Stoveland Dekko
froydisstoveland.dekko@bufetat.no

FELLESRÅDSLEIAR

Anne Kjersti Frøyen
akfroyen@gmail.com

der også eit sosialt engasjement blant vietnamesiske båtflyktningar i Hong Kong bidrog til retningsvalet for utdanning og arbeid, fortel Børge.

– Det at nokon gjer meg tillit og deler open og ærleg om livet med alt det som fylgjer med, gjer meg audmjuk og takknemleg. Det gjer meg meining å kunne styrke og gje håp inn livet. Han håper at hans kjente tilknytning til bygda kan gje låg terskel for å ta kontakt.

– Ein ting er viktig å få fram: Eg har eit sterkt ynskje om å kunne gjere det enklare for menn å be om ein samtale.

Tru og bøn naturleg

– Kva tenkjer du om å vere diakon i eigen bygd?

– For meg er trua ein naturleg del av det å vere menneske og eg ser fram til å jobbe i ein setting der tru og bøn kan vere ein naturleg del av ein samtale.

– Kva vil du tilføre i stillinga som diakon?

– Eg håpar at familiar vil bli styrka og at menneske vil kjenne seg sett av Gud og medmenneske. Men kanskje eg kan si som hallingen... «me får sjå».. og då med eit glimt i auget og «at vegen blir til mens ein går»?

– Kva tenkjer du kyrkja skal bety i Ål?

– Tidlegare prost Magelssen løfta fram at kyrkja skal være ein heim. Ein plass du høyrer til og som alltid har vore der for folket i bygda. Jesus til stades gjennom livet, frå fødsel til død, og alle sesongar av livet. Himmel og håp, fest og glede, forsoning og framtid midt i krevjande dagar er evangeliet forkynt til alle som kommer til kyrkja.

– Svært egna

Den førre diakonen i Ål slutta i jobben i juni 2025, og fellesrådet har sidan då løyst oppgåvene med vikarar mens me lyste ut og vente på ny diakon. No ser kyrkjevevja fram til å få på plass Børge som ny diakon i 60% fast stilling frå 1. mai.

– Børge er ein godt kvalifisert og egna person, og eg ser verkeleg fram til å få han inn i arbeidsfellesskapet og i kyrkja. Diakoni er kyrkja sin omsorgsteneste, og evangeliet skal formidlast med nestekjærleik og inkluderande fellesskap. Det er få som er betre skikka til det som han, seier Kristoffer Krohn Sævre.

Ny misjonsavtale med Normisjon

Ål menighet har inngått en ny misjonsavtale med Normisjon for perioden 2026–2028. Gjennom denne avtalen ønsker vi å støtte «Trygg barndom», et av Normisjons prosjekter i Senegal.

Normisjon arbeider i en region som er et høyrisikoområde når det gjelder vold, omsorgssvikt og barnearbeid. I dette landskapet ønsker Normisjon å løfte barns stemmer og styrke barns rettigheter. Gjennom prosjektet «Trygg barndom» støtter vi både et lokalt barnehjem og foreldre i deres omsorgsrolle gjennom programmet ICDP.

ICDP er et foreldreveiledningsprogram (International Child Development Program) som blir brukt i flere land, og i Senegal siden 2023. I dag er fire lokale veiledere opplært i metoden. De leder foreldregrupper gjennom flere samlinger. Der snakker de om hvordan man kan vise kjærlighet til barnet, skape god dialog og sette trygge og tydelige grenser. Mange foreldre forteller at dette har vært en øyeåpner. I samfunnet finnes det sterke forventninger til hvordan familielivet skal styres, men få arenaer der man kan reflektere sammen om ulike oppdragsmetoder og høre barnas perspektiv.

Målet med ICDP er å styrke omsorgen og oppvekstvilkårene for barn og unge. I løpet av 2025 har Normisjon gjennomført sju foreldregrupper, med til sammen over 80 deltakere. De fleste deltakerne er

mødre, men i omtrent halvparten av gruppene har også fedre deltatt.

En av de lokale veilederne i ICDP er Kahdy. Hun bor i en storfamilie der flere brødre, svigerinner og barn deler tun og hverdag. Tidligere opplevde hun at familien var splittet, og at kvinnene kjempet for sine egne barns posisjon. Etter ICDP-samlingene har noe endret seg. Kvinnene forsøker nå å behandle alle barna likt, og fellesskapet er blitt sterkere. Khady forteller også om endringer i nabolaget. Det er mindre kjefting i gatene, og barn spør henne nysgjerrig: «Tante, hva har du gjort med moren min? Hun kjefter ikke lenger, og hun slår ikke lenger.»

Normisjon samarbeider også med Mama Maries barnehjem. Det er et trygt hjem for barn som er forlatt eller utsatt for grov omsorgssvikt. Marie, som driver barnehjemmet, er en ildsjel med et stort hjerte. Hun arbeidet med AIDS pasienter på begynnelsen av 2000 tallet, og ble sterkt berørt av skjebnen til barna som ble etterlatt uten noen storfamilie rundt seg. Medfølelsen ble til behov for handling, og noen år senere startet hun det eneste barnehjemmet i regionen. I dag har hun over 20 barn på hjemmet. Barna kommer hit via lokale myndigheter som ikke har kapasitet til å gi dem nødvendig omsorg.

Med din støtte kan vi bidra til trygghet, omsorg og håp for barn i øst-Senegal. Sammen kan vi gjøre en konkret forskjell og gi flere barn en trygg barndom og en bedre framtid.



VÅRENS KONFIRMANTAR

Torpo kyrkje 23. mai

Mia Isabelle Epegard Martinsen
Marcus Leander Ekra Fingarsen
Madelen Knutshaug-Ruud
Bente Marie Møller Hagen
Aksel Roløkken Tretterud

Ål kyrkje 24. mai

Mari Gunhildgard Tveito
Iselin Kvalheim Nedreberg
Emma Solberg Skalle
Emilie Etterlid Baklien
Christine Skrindo

Ål kyrkje 6. juni

Grzegorz Wawrzyniak
Pawel Wawrzyniak
Leah Thune Majormoen
Ingrid Sandelien
Håkon Tufto Medgard
Hesna Al-Shereifi
Thuva Bø
Emma Nasselqvist Dalby
Bendik Etterlid Tveito
Neema Krohn Sævre
Malin Sataslåtten
Kristi Saue Helling
Julie Sataslåtten

Leveld kyrkje 7. juni

Oda Amalie Vesleslåtta Ellingsen
Ingebjørg Tveito Berg
Hanna Youness Nantenaina Hansen
Berger Anneson Kyrkjedelen

Telegram til konfirmant kan leverast på kyrkjekontoret mandag-fredag mellom kl. 9-14 i vekene før dei konfirmerast.

50-ÅRSKONFIRMANTAR

Leveld, Torpo og Ål sokneråd ynskjer å invitere dykk som vart konfirmert i prestegjeldet vårt våren 1976. Det blir folkemusikk-gudsteneste i **Ål kyrkje 31. mai kl. 11.00**. Etter gudstenesta blir det småmat, kaffi og kaker på Sundre gjestestugu. Påmelding skal skje via heimesida www.aal.kyrkja.no, under påmeldingar. De får invitasjon i posten.

Prestehjørne OM DÅP og HÅP

Livet er fullt av kontraster og det har ikkje vært mindre de siste vekene!

Nyhende om avsløringar, maktpersonar, krig og menneske på flukt. Mens eg sitter midt i fjellheimens kvite, snødekte vidder med sol frå skyfri himmel. Kontrastane blir knapt større. Eg kjenner ein uro og reflekterer over kva som gir meg håp midt i uroa - og så skal eg skrive noko om dåp! Finnes det en samanheng, mon tru?

Når eg tenker etter, har eg vel knapt kjent større uro enn da eg sto med mitt første nyfødde barn i armane. Å få barn var for meg eit slags "trosprosjekt". Våge å tru og håpe at det også for neste generasjon ville være ei god framtid, det var et viktig val å ta den gongen.

I en av dåpssalmene våre skriv salme-diktaren Svein Ellingsen:

*Fylt av beven foran ukjent fremtid
legger vi vårt barn i dine hender
Det som skjer i dåpen gir oss trygghet,
det som skjer i dåpen gir oss trygghet.*

I dåpen trur vi det skjer noko guddommeleg, noko som held gjennom heile livet. Det er for stort for tanken, samtidig er det kroppsleg og nært. Gjennom vatnet over hovudet, korsteiknet over kroppen og orda frå Jesus: Eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. Ord som gir tryggleik også når vi er urolege.

Eg er takknemleg for at mine foreldre ga meg denne tryggleiken med på vegen. Tryggleik i det å tilhøyra og tru på noko større enn seg sjølv. Tryggleik på eige identitet og ståstad, som gjer ein betre rusta, også til å møte dei som trur og tenkjer annleis enn ein sjølv.

Derfor utfordrar vi som kyrkje her på Ål, alle som er foreldre, til å velje dåp for ungene sine! Det er ikkje lengre mogleg for kyrkja å sende invitasjon til dåp til alle nyfødde, slik som tidligare. Derfor oppmodar vi til å ta kontakt med kyrkjekontoret og spørje om dåp eller å melde dåp på kyrkja si nettside.

For nokon har det ikkje passa med dåp da barna var babyer og dåpen har kanskje blitt utsett av ulike grunner. Men dåpshandlinga har ingen aldersgrense! Både små og store velkommen til dåp i kyrkjene våre på Ål. Gjerne som del av gudstenesta eller som en enkel dåps-seremoni utanom, viss det er spesielle grunner til det.

Uansett kva du vel for deg og dine, er du like velkommen til kyrkja og til å delta på alt det fine som skjer her! Uansett får be Gud om tryggleik i ei urolege tid! Uansett har Gud lovet å være med alle dagar og alle slags dagar - også dei urolege!

Tekst: Marianne Bergsjø Gammelsæter



– Det var ein stor begivenhet for oss når me fekk Per døypt i Leveld Kyrkje ein kald vinterdag, formidlar Knut og Hanne Myking som bar Per til dåp 11. januar 2026.



Gjennom Kirkens Nødhjelps fasteaksjon bidreg norske kyrkjelydar til at menneske kan få livsviktig støtte. Tsion (12) og Gaba (13) har fått reint vatn i landsbyen i South Omo sør i Etiopia.

Foto: Kirkens Nødhjelp

Bøssebærarane kjem 25. mars

Kyrkjelyden sitt engasjement i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon har bidrege til at Tsion og Gaba har fått endra liva sine: Dei har fått tilgang til reint, rennande vatn.

Tekst: Åsne Gullikstad Foto: Håvard Bjelland

Tsion (12) og Gaba (13) smiler breitt medan klart vatn fossar ut av krana ved vassposten ved elveleiet. Dei fyller 20-literskannene med vatn på berre nokre minutt. Det går raskt, og ikkje minst: Vatnet er reint. For berre nokre månader sidan endra alt seg for familiane her i landsbyen Kutishafa i South Omo sør i Etiopia. Kirkens Nødhjelp har bidrege til reint vatn her. Pengar som kyrkjelydar i Noreg samlar inn i fasteaksjonen bidreg til dette arbeidet.

Vart sjuke

Tidlegare måtte jentene grave med berre hendene for å finne vatn under sanden i elvebotnen.

– Det tok lang tid, og vi fekk lite vatn, seier Tsion Melkamu.

Nokre gonger kunne prosedyren ta halvannan time. Sidan det var lite vatn og tidkrevjande å hente, vart det lite vatn per familie.

– Det kom også mange kyr som drakk på same stad. Sidan vatnet var ureint, vart mange ofte sjuke, fortel ho.

Å hente vatn er jentene og kvinnene si oppgave her. Å bruke så lang tid på å hente vatn hadde også ein annan konsekvens for jentene: Dei rakk ofte ikkje skulen etter å ha henta vatn om morgonen, og mista verdifull undervisning.

– No som det tek så lite tid å hente vatn, rekk vi skulen kvar dag, seier Gaba Roro.

Demning

Kirkens Nødhjelp starta arbeidet med å skaffe reint vatn her i 2025. No får 190 hushaldningar med til saman rundt 1100 innbyggjarar tilgang til dette vatnet.

Systemet er enkelt, men effektivt: Ei demning og ein brønn med ein vasspost.

– Dette er eit innovativt prosjekt for oss. Det er første gong i Kirkens Nødhjelps 52 år lange historie i Etiopia at vi gjer dette, fortel Gedewon Teka, vassekspert ved Kirkens Nødhjelps landkontor i Etiopia.

– Som regel kjem det regn i to månader, så ikkje meir. Vi laga ei demning slik at når regnet kjem, stansar vatnet her, seier han og peikar mot demninga. Demninga held tilbake vatnet som kjem i den korte regntida, og vatnet spreier seg i alle retningar. Fire–fem meter unna er det bygd ein brønn som ligg lågare enn elva, og vatnet blir filtrert inn i brønnen gjennom sand og jord. Ei handpumpe er montert på vassposten.

– Sand og jord er eit perfekt filter. Mikrobar blir fjerna når vatnet blir filtrert gjennom sanden, og vatnet blir klart. Dette er reint vatn. Og vatnet er tilgjengeleg heile året her no, seier Gedewon.

Tørka ut

Han trekkjer særleg fram to ting:

– Når folk får reint vatn i landsbyen på denne måten, sparer jenter og kvinner tid. Det gjer også at folk held seg friskare. No som systemet er etablert, har Kirkens Nødhjelp og AFD overlata drifta til ein lokal vasskomité. – Det er viktig at lokalsamfunnet har eit eigarskap til prosjektet, og det har dei viss dei bidreg. Når vi trekkjer oss ut, held dei det i gang vidare. No seier folk i lokalsamfunnet her at denne demninga er deira, seier Gedewon Teka.

KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON ER:

- Noregs nest største bøsseaksjon etter TV-aksjonen. Pengane som blir samla inn, går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.
- Over 40 000 frivillige bøssebærarar frå om lag 1200 norske kyrkjelydar i heile landet.
- **Aksjonsdagen 2026 i Ål er 25. mars. Ta godt imot bøssebærarane!**
- Temaet er: Håp i ein drope vatn.

Tenk deg ein kvardag utan tilgang til reint vatn.

Dette er røynda for 800 millionar menneske. Støtt arbeidet vårt for reint vatn til dei som verkeleg treng det.

VIPPS til 2426



AKTIVITETAR

Barne / familiegospel

Kvar torsdag etter SuperTorsdag kl. 17.00 i kyrkjestugu. Vi har plass til enda fleire born, så her er det berre å møte opp. Foreldre og er velkomne til å synge med oss.



Babysong

I kyrkjestugu kl. 11-13 annakvar mondag. Me syng ilag, et og har ei triveleg stund saman. Om du ynskjer lunsj kan det kjøpast for 40 kr. Det pleier å vere eit varmt måltid, litt frukt, kaffi og te.

Datoar framover er:

2. mars. 16. mars. 30. mars. 13. april.
27. april. 11. mai. Nye datoar for hausten kjem i neste kyrkjeblad.

Supertorsdag

Middag for alle i kyrkjestugu kvar torsdag. Maten settes fram kl. 16 og ryddast vekk kl. 17. Dette er åpent for alle og kostar 40 kr pr.pers / 150 kr pr. familie. Velkommen til små og store.

Siste supertorsdag før sommaren blir 8. mai. Det er ein fredag, men då feirer vi frigjøringsdagen med pølser, kaker og kaffi. Etter middag er det gudsteneste på Stavkyrkjetomta.

Andakt på sjukeheimen

Andakt på sjukeheimen er no flytta til avdeling Stugu, og ikkje på Kårstugu. Det er 1 gong i månaden. 11. mars. 8. april. 13. mai. 10. juni. 8. juli.

Formiddagstreff

I kyrkjestugu 1. onsdagen i månaden, kl. 11-13.

BUK

Vi planlegg for at det skal bli BUK (barnas uke i kyrkja) i veke 26. Meir info kjem.

Ål kantori

Er du glad i å synge? Vel møtt til å synge i Ål kantori! Øving annakvar onsdag. Kontakt Vemund for meir informasjon.

KYRKJEVERJAS HJØRNE

Frivillig gåve til kyrkjebladet

Kyrkjebladet held deg oppdatert om alt som skjer i og rundt kyrkja gjennom året. Kan du tenkje deg å bidra med ei frivillig gåve slik at me har peng til å trykkje bladet i 2026? **Takk for di gåve til vippsnummer #627063**



Me treng faste gjevarar

Kvar veke arrangerer kyrkja aktivitetar for små og store. Fleire i kyrkjelyden har autotrekk for å støtte arbeidet kvar månad, og det er me svært takknemlege for!

Kan du tenke deg å opprette ein fast gjevar-avtale med kyrkja? Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret eller kyrkjeverja ks259@kyrkja.no for å opprette ein gjevaravtale enten til barne- og ungdomsarbeidet eller til misjonsprosjektet.

Statistikkveke

Sist haust gjennomførte me «statistikkveke» i Den norske kyrkja. Målet var å telle alle som var innom til små og store arrangement, og slik sett utfylle biletet av den offisielle årsstatistikken. Det vart ein fin måte å få fram at kyrkja er mykje meir enn gudstenestene kvar sundag.

248 personar var innom kyrkja i Ål den veka, og då kyrkja sentralt la saman alle tala som vart rapportert inn, viste det seg at meir enn 240,000 personar var innom Den norske kyrkja i løpet av telleveka. Det er ikkje småtteri med tanke på kor mange som direkte og indirekte har fått eit møte med kyrkja og det viktige budskapet me forvaltar.

Takk for at du er med og utgjere fellesskapet av folkekyrkja!

**Kirkens SOS:
22 40 00 40**

Kirkens SOS har også en chatte- og e-mailtjeneste – ved å logge seg inn på www.kirkens-sos.no



Frivilligfest i september

Soknerådet for Leveld, Torpo og Ål vil også i 2026 invitere alle frivillige til frivilligfest. Tradisjonen tru vil me markere og takke alle som bidrar med

smått og stort i kyrkjelyden, og det vil bli inspirasjon, samtale og noko godt å bite i. Datoen vil bli kommunisert i neste kyrkjeblad; det blir i september.

VI GÅR I KYRKJA

MARS

01.03.2026

Vats fjellkyrkje 11:00
Sportsandakt

08.03.2026

Ål kyrkje 11:00
Gudsteneste

15.03.2026

Vats fjellkyrkje 11:00
Sportsandakt
Torpo kyrkje 11:00
Gudsteneste

22.03.2026

Ål kyrkje 11:00
Gudsteneste

26.03.2026

Ål kyrkje 17:30
Supertorsdag med gudsteneste (Palmetorsdag)

29.03.2026

Vats fjellkyrkje 11:00
Sportsgudsteneste

APRIL

02.04.2026

Vats fjellkyrkje 11:00
Gudsteneste
Nystøylkyrkja 14:00
Gudsteneste
Ål kyrkje 18:00
Kveldsmesse

03.04.2026

Ål kyrkje 11:00
Gudsteneste

Leveld kyrkje 18:00
Gudsteneste

05.04.2026

Ål kyrkje 11:00
Gudsteneste

12.04.2026

Vats fjellkyrkje 11:00
Sportsandakt
Vats fjellkyrkje 11:00
Sportsandakt
Torpo kyrkje 11:00
Gudsteneste

19.04.2026

Ål kyrkje 11:00
Gudsteneste

26.04.2026

Ål kyrkje 18:00
Kveldsmesse

MAI

03.05.2026

Ål kyrkje 11:00
Gudsteneste

08.05.2026

Stavkyrketomta Ål 18:00
SuperFredag-gudsteneste

10.05.2026

Leveld kyrkje 11:00
Gudsteneste

17.05.2026

Ål kyrkje 10:00
Gudsteneste
Torpo kyrkje 11:00
Gudsteneste

21.05.2026

Ål kyrkje 17:30
Supertorsdag med gudsteneste (kyrkjas bursdag)

23.05.2026

Torpo kyrkje 11:00
Konfirmasjonsgudsteneste

24.05.2026

Ål kyrkje 11:00
Konfirmasjonsgudsteneste

25.05.2026

Ål kyrkje 11:00
Økumenisk gudsteneste

31.05.2026

Ål kyrkje 11:00
Folkemusikk-gudsteneste.
50-årskonfirmantar

JUNI

06.06.2026

Ål kyrkje 11:00
Konfirmasjonsgudsteneste

07.06.2026

Leveld kyrkje 11:00
Konfirmasjonsgudsteneste

14.06.2026

Ål kyrkje 11:00
Gudsteneste med
eldres kyrkjesøndag

21.06.2026

Ål kyrkje 11:00
Sumargudsteneste

DØYPTE

Ål kyrkje

Lauritz Michelet Bergaplass 07.09.2025
Fritjof Stranden Dalby 08.02.2026
Gunnhild Bøygard Bjørnsrud 08.02.2026

Torpo kyrkje

Hallgrim Hefte 01.02.2026

Leveld kyrkje

Per Myking 11.01.2026

Vats fjellkyrkje

Selma Lappegard Gilen 23.11.2025

DØDE

Ål kyrkje

Knut Birger Rust	f.:1952	d.:28.10.25
Brita Arnegard	f.:1931	d.:30.11.25
Berit Rugeldal	f.:1947	d.:22.11.25
Åse Synnøve		
Hovda Tveito	f.:1951	d.:03.12.25
Thorbjørn Hoff	f.:1947	d.:05.12.25
Ingeborg A Stake	f.:1927	d.:12.12.25
Kari-Alice Disen	f.:1945	d.:28.12.25
Ragnhild Kristine Ringen	f.:1942	d.:14.01.26
Anne Bjørg		
Fritjofdatter Dalby	f.:1960	d.:03.02.26
Terje Alexander Eriksen	f.:1944	d.:09.02.26

Torpo kyrkje

Even Liahagen	f.:1933	d.:29.11.25
Ingvar Evjen	f.:1931	d.:17.01.26

Open kyrkje

Ål kyrkje er open i kortortida.

JØLSTAD
Hallingdal gravferdsbyrå

Gravferdsbyrået for heile
Hallingdal sidan 1995

Sundretunet, Ål // Telefon **917 06 250** (24t)
hallingdal.jolstad.no

Tinging av gravstell

Fristen for å tinge gravstell er 15. mai. Gravstell tinga etter fristen, blir ikkje med før neste sumars stell. Ring 907 13 766 eller send e-post til gs595@kyrkja.no for å tinge gravstell.

Oppretting av gravminne, plantekasser osb. kan tingast når som helst, det fylgjast opp i sommarhalvåret.



Familievernkontoret: 32 12 33 44

Samtaler for par, familier og enkeltpersonar. Kommunikasjon, konfliktløsning, foreldrerettlegg, meking m.m. Tilbodet er gratis
www.familievern.no
www.bufetat.no

SMÅMAT & LEFSEKLING
Handlaga med kjærlig
– perfekt til familieselskap, vennelovdar eller som er smakfull gjeve

BESTILL HER

Herlig As

Tårnagentane med oppdrag i Ål kyrkje

Sundag 15. februar fekk tolv Tårnagentar eige «agentbevis» med fingeravtrykket sitt og namn da dei kom i kyrkja. Gjennom timane vi var saman hadde dei ulike «Agentoppdrag» som skulle løysast. Etter servering av frukt og snacks, vart vi litt betre kjende, gjennom namneleik og song inne i kyrkja.

Det fyrste agentoppdraget var «Oppdrag Bibelen», der me lot dei finne litt ut av tidslinja frå Jesu fødsel og til forteljinga i Lukas 19 om at Jesus møter Sakkeus oppe i treet. Så var det full fart med å gjere «Oppdrag kyrkja», der mange ulike oppgåver vart løyst om kor mange og kva og korleis i og utafor kyrkjerommet.

Endeleg var vi klare for «Oppdrag måltid» med pølser i brød i Kyrkjestugu. Etter at vi hadde spist var det å førebu noko til gudstenesta gjennom «Oppdrag gudsteneste». Vi øvde på prosesjon og eit par songar, før avslutnings-samling i sakristiet, der alle fekk utdelt Tårnagent-hefte.

Eit høgdepunkt i bokstaveleg forstand var turen heilt opp i klokketårnet. Så var vi klare for å gjennomføre Oppdrag gudsteneste med mange i kyrkja før det var servering av Faste-lavnsbollar til alle.

Marianne Bergsjø Gammelsøter

